

Preses Olav Fykse Tveit

Påskedag 09.04.23

Høgtidsgudsteneste i Nidarosdomen

Tekstar: Salme 118,14-24; Luk 24,1-9; 1 Kor 15,1-11

**«Eg skal ikkje døy, eg skal leva og fortelje om Herrens gjerningar.»**

(Salme 118, 17)

Han er ikkje her. Det er nyttelaust å leite etter han mellom dei døde. Ikkje fordi vi forstår kva som skjedde den første påskedagen. Men fordi det har skjedd noko, noko å fortelje vidare.

Og vi skal leve for å gi dette vidare, denne livskrafta som viser seg i sin skarpaste kontrast til alle dei dødskreftene som Jesus hadde tapt for – og som vi ser spele seg ut i valden og krigens gru også denne påska.

Vi skal leve for å fortelle om Herrens gjerningar. Om livets Gud som gir liv, som ikkje lar dødskreftene få overmakta og det siste ordet i denne verda. Vi kan vise våre teikn på at kjærleiken er sterkare enn døden, at det gode er sterkare enn det vonde, at det alltid kan skje noko meir enn det vi ser og som gjer oss fortvila eller redde.

Så lenge det er liv i oss, er dette livets djupaste meining.

Difor feirar vi påskedag. Vi feirar ikkje våre meiningar, vi feirar Kristus som overvandt døden. Ja, vi feirar livet, sjølv livet, livets opphav, livets Gud – og at denne Gud er midt i mellom oss.

Vi feirar i kyrkja med det vi har av stemmer, musikk, med liturgiar for dei ulike dagane i påska. Mange av oss var her og feira i natta til påskedag med sterke symbol om lyset som vinn over mørket. Vi skrup på endå meir volum og fylde når påskedagen kjem, med dei sterkaste

salmane, med musikk, med blomar, med fellesskap - som får det til å røre seg i kropp og sjel.

Deg være ære, Herre over dødens makt! Livet vann, dets namn er Jesus! Skulle det ikkje vere noko å feire?

Ja, og det kan feirast også utanfor kyrkjeroma. I gudstenester ute. Og der vi måtte vere. Også med god mat og drikke, med familie og vener i heimane våre eller i hytter til fjelles eller andre stader.

Vi feirar ikkje påske i kyrkja berre for at vi skal få vite det samme som vi har høyrte før, som om vi ikkje hadde høyrte det før, eller glømt det. Meiningsmålingar i dei kristne høgtidene fortel oss at vi har ei oppgåve i å fortelle til nye generasjonar kvifor vi har desse feiringane. For tida lærer vi mykje om andre religionar og kulturars religiøse skikkar. Vi treng ei fornya påskefeiring for å få fram endå meir kva vi feirar i den kristne påskefeiringa. Og som Stortingspresidenten sa i ei påskehelsing på FB for eit par dagar sidan at det er grunn til å feire påske om ein er kristen eller ikkje fordi vi alle treng å ha noko som gir oss grunn til håp i alt det som møter oss.

Vi feirar heller ikkje påske for at vi endeleg skal forstå kva som skjedde den morgonen i den grava, det som ikkje har skjedd verken før eller seinare på den måten. Mange, 9 av 10, seier dei ikkje trur at Jesus sto fysisk opp frå dei døde. Og vi feirar heller ikkje påske fordi vi skal forandre meiningsmålingane. Det som skjedde den første påskedagen vert ikkje meir eller mindre sant alt etter kor mange nordmenn som seier dei trur på det eller ikkje.

Men vi feirar påske for at vi skal leve alle dei år og dagar vi har i oppstandelsens teikn. Difor kan vi også dø i oppstandelsens teikn.

Vi feirar påske for å kjenne at vi er elskta av den Gud som gjennom Jesu død og oppstode har ofra alt for å vise sin kjærleik mot oss ved sin seier over synd og død.

Og om vi skal dø, eller rettare sagt fordi vi skal dø, så skal vi feire påske igjen og igjen for at vi i trassig og glad tru kan halde fast på at vi skal verte omslutta av kjærleiken som er sterkare enn døden. Uansett kva som møter oss.

Men vi feirar ikkje påske for å bli opphissa, overmodige, eller oppblåste eller oppgira optimistar. Vi feirar påske fordi vi er blitt ein del av livet i tida etter Jesu oppstandelse frå dei døde. Dette er vår tid. Det er det som i Bibelen blir kalt dei siste tider. Ikkje fordi vi trur på verdas undergang, men fordi dette er tida då alt skjer etter Jesu oppstode frå dei døde, i den nye tid.

--

«Dei visste ikkje kva dei skulle tru» (Luk 24,4) Slik heiter det om kvinnene som kom til Jesus grav først, og såg at ho var tom. Tom. Kan du tenkje deg noko verre for dei nærste pårørande – for ein skandale for gravferdsvesenet! Og likevel eit teikn på at katastrofa likevel ikkje var absolutt?

Det er noko truverdigg ved dei ulike og litt forvirrande forteljingane om korleis menneske opplevde det som hadde skjedd. Det var noko som ikkje var forventta eller førebudd på den måten at det var eit mønster å gå inn i – verken som forteljing eller som forklaring av det som hadde skjedd. Det var på alle vis noko nytt. Noko heilt nytt.

For desse kvinnene var det ille nok at den dei hadde halde høgt, elska – var drept av ein urettferdig dom. No var ikkje eingong grava hans i fred. Ho var tom.

Kva innebar det? Det visste dei ikkje. Dei visste ikkje kva dei skulle tru. Men dei gjorde noko. Dei fortalte, dei formidla det dei hadde sett og høyrte. Dei let ikkje uvissa føre til at dei vart likegyldige, heller ikkje let dei den føre til uro eller angst for kva dei no vart involverte i, enten av skam, eller straff eller kva det måtte vere. Dei let ikkje det at dei ikkje forsto få makt over seg, slik at dei heldt det for seg sjølv. Eller apatisk lot det berre vere slik. Jaja, slik gjekk det...

-

Det uroar meg at vi i vår tid og vår kultur synest å meine at alt som har med Gud å gjere vert avgjort ved at vi, eller rettare sagt eg, kvar enkelt av oss, meiner noko om kva eg får meg til å tru på – eller ikkje tru på.

Eg erkjenner at dette er vilkåra vi har i denne verda. Difor er det like vanskeleg for oss alle å tenke at det er sannsynleg at dette har skjedd ut frå dei erfaringar vi elles har eller synest det er grunn til å ha. Om ein er medlem av kyrkja eller kyrkja. Om ein er konfirmant eller biskop. Om ein kallar seg truande eller tvilande eller ikkje-truande.

Den kristne trua på oppstoda er trua på det u-trulege, på det usannsynlege. Difor er det noko heilt anna enn det vi resonnerer oss fram til. Enten ved å bygge på kjente fenomen, eller resonnement over kva kunne ha ført til dette.

Men i påskebudskapet er det noko som kjem til oss, utanfrå, utanfor det som er våre erfaringar og resonnement, noko meir enn det vi meiner, eller det vi meiner at vi veit, eller det vi meiner at vi kan få vite. Men det kjem inn i våre liv som fortlejingar som kan berøre oss og våre tankar og følelsar.

Og vi har vel i ulike samanhengar erfaringar av at det er noko meir i livet enn det vi meiner eller forstår. Både godt og vondt. Trur vi ikkje – trass i det vi erfarer - på livets kraft? Trur vi på kjærleiken? Trur vi på det godes kraft? Trur vi på fellesskapets gleder og verdi, at det skjer noko meir når vi er saman enn når vi er åleine? Vi kan frå tid til tid vere tvilarar på dette nokon kvar i våre individuelle liv og lagnader. Men det er verdt å tru på, sjølv om vi ikkje alltid forstår det.

Difor taper vi også mykje om vi lar påskebudskapet høyre fortida og dei som har levd før oss til. For då kan vi kome til å tenkje at vi ikkje treng det. Ja, det som er endå verre: vi kan kome til å handle og opptre som om menneske ikkje har bruk for, desperat bruk for teikn på at livets krefter er sterkare enn det som bryt ned og øydelegg. Då

kan vi kome på feil side og lar dødens krefter få makt over oss. I vårt sinn, våre handlingar og våre holdningar. Sjølv om ein er både kyrkjeleiar eller har makt på andre vis.

Det kan bli som om vi ikkje hadde bruk for at det er ein Gud som elsker oss når det vonde skjer og det vonde får makt i den verda vi lever i, i vårt eige liv og i fellesskap mellom oss, i forholdet mellom folk og nasjonar.

Vi treng, ikkje minst no, trua på et det er noko meir enn urett som skal råde i denne verda. Vi har desperat bruk for at det er ein djup og ekte respekt for menneskelivet, for det sant menneskelege, og for heile skaparverket. Ikkje minst frå dei som har religiøs eller politisk makt.

Trur vi på kjærleiken? Trur vi på framtida? Trur vi på rettferda?

Det må vi velge å tru på – og vise det gjennom våre handlingar.

På samme måte som vi kan velge å tru at det er Gud som står bak det vi høyrer og feirar på påskedag. Og difor har det skjedd. Og difor har det betydning også for oss.

-

Nei, vi veit ikkje alltid kva vi skal tru. Vi har ikkje alltid kontroll. Men det er likevel verdt å tru ved å handle.

Har du kjent at no skjer det noko som gjer at livet blir forandra, eller at det kan ta slutt – for meg, eller nokon eg har kjær, og at det ikkje er under min kontroll?

Vi klarar ikkje alltid å vere like klare og overbeviste i stemma og seie: «Eg skal ikkje døy, eg skal leve, og fortelje om Herrens gjerningar.»

På merkeleg vis var det likevel akkurat den setningen, i alle fall meininga i den, som kom til meg ein av dei dagane eg verkeleg har kjent dødsangst i livet. Eg var 19 år og åleine på interrail i Europa, og hadde ein plan om å dra frå Venezia til Roma ei natt. Via Bologna. I

august 1980. Livet var ope, nytt og spanande. Så vart det litt for spanande. På forunderleg vis ombestemte eg meg den kvelden, og reiste heller tilbake til Sveits der eg hadde kome frå. Og første sidene på alle aviser om morgonen etterpå (dette var før internetts tidsalder) hadde store oppslag om terroraksjonen mot jernbanestasjonen i Bologna den natta. 80 drepne, mange unge på interrail. Den verste terrorhendinga i den delen av Europa sidan andre verdskrigen.

Og eg visste ikkje kva eg skulle tru. Kvifor skulle dei døy, og ikkje eg?

Det har eg aldri fått svar på. Endå mindre ei natt eg vart sitjande saman med mi unge datter å vente på tog i Bologna og rett overfor oss var lista på alle dei 80 døde. Livet har gått vidare for meg. For oss.

Og eg kjente det var heilt feil å seie at Gud sparte meg og ikkje dei. Men då var det denne setningen kom til meg igjen frå salmen vi les på påskedag – «Eg skal ikkje døy, eg skal leve, og fortelje om Herrens velgjerningar».

Eg forsto på ein ny måte – når det var som det var - at eg kunne, at eg måtte velje kva eg kunne og ville bruke livet til. Slik vi må kvar dag i livet.

Det vart for meg ei stadfesting av mitt prestekall. Eg ringte heim til far og sa at han kunne poste brevet til Menighetsfakultet og legge vekk brevet der eg kunne ta imot ein annan studieplass.

Begge deler hadde heilt sikkert leia meg inn i oppgåver som gjorde at ein kunne tene livets Gud, i det daglege og i dei store linjer.

Eg vel å fortelje dette fordi påskedagen får oss til å vakne og sjå dei store linjer i livet. Ikkje til å forstå, men til å sjå. Og ja, til å forstå noko betre: Eg kan – og må - velje kva eg vil feire, kva eg vil gje plass og kraft i mitt liv. Eg kan heile tida undrast over livets krefter, i takk til Gud. Og gjere noko med det. I tru.

Det vil bli slike stunder i livet som er slik i ytterkant av erfaringsskalaen. Og så vert det mest av dei mange midt i mellom, med litt av begge deler, både liv og død. Det er vel det det sikraste vi veit om livet vårt. Vi treng ikkje meine noko om det. Eller tru, for den saks skuld. Det berre er slik.

--

Kanskje hadde det vore meir truverdige for oss alle å seie om påskebudskapet som det heiter om dei tre kvinnene: «Dei visste ikkje kva dei skulle tru».

Det er ikkje noko i det vi høyrer om dei, eller har grunn til å tru om dei, at dei går til grava fordi dei trur at Jesus skal stå opp igjen frå grava.

Tvert imot. Dei gjorde det som var god skikk og bruk, dei hadde gjort seg klar for å besøke grava og stelle med liket med godlukande olje og salve. Dei hadde vore vitne til at Jesus var drept på verste måte, som ein forbrytar med dødsstraff, til spott og spe, til avskrekking mot andre oppviglarar i ulike delar av Romerriket. Og det var ikkje eit vakkert syn.

Men i kjærleik kunne dei gjere det dei kunne i respekt for han. For å vise at han trass i sin skamfulle død likevel var eit menneske. Slik ville dei vise ein kjærleik som var sterkare enn dødsdomen og dødskreftene.

Så møtte dei noko som var heilt annleis enn nokon hadde trudd, sjølv blant dei mest overbeviste tilhengjarane av Jesus, kvinner som menn.

Men dei var opne for at det utrulege.

For om dei ikkje visste kva dei skulle tru, gjorde dei noko. Dei gjekk og formidla kva dei hadde sett og høyrte. Utan å forstå kva det betydde.

Dei kunne bli spurt, i alle fall dei første åra etter at det skjedde, slik Paulus reknar opp mange av dei som hadde sett den oppstandne. Det

går an å gjere det for lett for oss om vi seier at det er umogeleg å tru på dei som har fortalt dette og skrive det ned. Dette er fortalt, og menneske har forandra totalt livskurs og retning på grunn av det. Frå første dag til denne dag.

Vi kan ikkje gjere noko frå eller til om det er sant eller ikkje. Det er ikkje vi som kan reise Jesus opp frå dei døde eller for den saks skuld få han tilbake til grava ved å meine noko sterkt om det. Men vitnene, det apostoliske vitnemålet som er vorte kyrkjas tru gjennom tidene, det står der. Og kyrkjebygg som dette står her og vitnar om at menneske har trudd at Kristus lever.

Vi også kan velge å forholde oss til det budskapet kvinnene som kom til grava fekk høyre, og som dei formidla vidare til «dei elleve og til alle dei andre»:

«Han er ikkje her».

Og orda frå den gamle salmen fekk ny meining. Om Jesus. Og om kvinnene. Dei hadde ikkje tenkt det, men vi kan sjå det i etterkant: «Eg skal ikkje døy, eg skal leva, og fortelja om Guds gjerningar.»

Det kan også bli våre ord.

Fordi han er *her* – midt i mellom oss.

Difor seier vi på denne påskedag som vi gjer kvar sundag:

Ære vere Faderen, og Sonen, og Den Heilage Ande, vår Skapar, Frelsar, og Livgjevar, som var, er og vere skal, ein sann Gud frå æve og til æve. Amen



-